



Statens vegvesen

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Bjørn Skorpa Eikeland /
56520282

Vår referanse:
18/107779-2

Dykkar referanse:
18/475-5

Vår dato:
14.08.2018

Statens vegvesen sin uttale med melding om behov for motsegn – offentlig ettersyn av framlegg til kommuneplanen sin arealdel – Kvam herad

Viser til oversending med høyring av framlegg til kommuneplanen sin arealdel for Kvam herad mottatt 09.05.18.

Statens vegvesen uttaler seg med bakgrunn i rolla som vegadministrasjon for fylkeskommune i fylkesvegsaker, samt statleg fagorgan med sektoransvar for samordna areal- og transportplanlegging, trafikktryggleik, kollektivtrafikk, tilrettelegging for mjuke trafikantar, universell utforming og miljøulemper knytt til veg- og vegtrafikk.

Melding om behov for motsegn:

Statens vegvesen melder om behov for motsegn til områda N62, N67 og N43 på grunn av konflikt med moglege påhuggspunkt for ny tunell under Tokagjelet.

I forslag til planprogram for kommunedelplan for fv. 7 Tokagjelet er det vist fleire moglege påhugg for tunnel under Tokagjelet. Det er viktig at potensielle traséar for tunell under Tokagjelet ikkje vert bandlagt til andre formål. Me vurderer at dei nye arealformåla N42, N67 og N43 er i konflikt med påhuggsalternativa høvesvis B-1 og A-5. Statens vegvesen har ansvar for planlegging og gjennomføring av kommunedelplan for Tokagjelet på vegne av Hordaland fylkeskommune. Me melder difor behov for motsegn mot desse arealformåla inntil trasé for tunell under Tokagjelet er fastslått.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Våre merknader

Utbyggingsstrategi

Det er positivt at heradet har gjennomtenkte strategiar for senterstruktur og arealforvaltning rundt tettstader som er knytt til eksisterande infrastruktur for mjuke trafikantar. Fortetting av eksisterande bustadfelt og utvikling av nye områder for utbygging langs eksisterande nett for gang- og sykkelveg er i tråd med dei statlege retningslinene for samordna areal- og transportplanlegging.

Vidare er det positivt at trasé for gang- og sykkelveg i Ålvik er teikna inn på plankartet.

Moglege påhugg trase for tunell under Tokagjelet

Dei nye arealformåla IA5 og OTP38 er i konflikt med alternativ for påhugg A-4. I utgangspunktet er dette alternativet føreslådd forkasta i forslag til planprogram, men det kan vise seg å verte aktuelt igjen i reguleringsprosessen. Statens vegvesen vil difor be Kvam herad om å ta desse areala ut inntil endelig trasé for tunell under Tokagjelet er valt.

Kommunedelplan for Tokagjelet

I planomtalen er tunell under Tokagjelet omtala som «hardangertunellen». Me vil minna om at tunell under Tokagjelet er eit rassikringsprosjekt, ikkje eit tiltak for å korte ned reisetid mot Bergen.

Tilkomst til Tolomarka

Midlar til utbetring av fv. 130 ligg ikkje inne på investeringsprogrammet for regional transportplan 2018–2029. Kvam herad må difor ta utgangspunkt i at Hordaland fylkeskommune ikkje kan bidra med finansiering til opprusting av fv. 130 i inneverande regional transportplanperiode.

Spredt Bustad

Det er tatt in 17 nye områder med formålet *LNF med spreidd bustad*. Fleire av områda har tilkomst frå vegar som har dårlige siktførehold i avkøyrse frå fylkesveg. Me ber om at det vert stilt krav om utbetring av sikt i avkøyrse/kryss mellom fylkesveg og veg som fører til områder SBU6, 16, 17 og 24 før det vert gjeve løyve til utbygging. I områda SBU1, 18, 23 må ein rekne med at det vert stilt krav om utbetring av sikt i tilkomst til fylkesveg før det vert gjeve løyve til utvida bruk.

Spredt næring

Områda med formålet *LNF med spreidd næring* SN16 og SN17 har utfordrande høve med tanke på tilkomst og parkering. Me ber heradet vurdere om det skal stillast plankrav for nye tiltak her.

Terje Vidar Hoel
Fungerande seksjonssjef

Bjørn Skorpa Eikeland
Avdelingsingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Kvam herad, Grovagjelet 16, 5600 NORHEIMSUND